

Styremøte torsdag 29.august kl 18.00 på biblioteket

Desse møtte:

Solveig, Petra, Bjørg, Mette Marie, Magnhild

Fråver: Mette N V, ingen varamedlem til stades.

Solveig innleia møtet med nokre ord til ettertanke.

Det er kjent at Kongeskipet segla inn fjorden denne veka, og i samband med ein anna leveranse til skipet fekk leiar også overrekk dei eksemplar av VBK sine bøker. Seterboka vil nok vere av interesse for ei turglad og interessert dronning vil vi tru!

Sakliste:

Sak 32/24. Referat og orienteringar. Evaluering/olsok, 04.09.

Supersommar gjekk greitt, får betalt for oppdraget. Petra kontaktar Bjørg J og sender ev. rekning om dei må ha det.

Olsokarrangementet gjekk bra, nokre utfordringar på enkelte vaktoppdrag.

Det vil vere fint om det er råd å knytte til seg yngre medhjelparar til vaktene, ev. gje tilbud til ei skuleklasse.

Søknad om kulturmidlar som vart sendt; har ikkje fått svar på denne søknaden enno.

Nytt møte med representantar frå foreldregruppa og styrar i Syltebøen barnehage i dag, om samarbeid/igongsetting av tilbud om varmt måltid.

Solveig og Bjørg skal hjelpe foreldregruppa i barnehagen med oppstart av dette 19.sept.

Solveig har laga menyliste fram til jul og fått god tilbakemelding frå styrar. Dette er tenkt som eit forsøk fram til jul for gruppa 5-6 år, annankvar torsdag. Barnehagen skaffar sjølv medhjelparar til dette.

Sak 33/24. Haustplan , innspel og tilføyingar. Tema VBK-kveld/sept

Gjennomgang og div. endringar.

Det vart diskutert om ein ev. skal lage til ein «vervemiddag»/arrangement med program, og Mette M og Solveig sjekkar ut kva som kan vere aktuelt av program.

Tema for neste medlemsmøte kan vere «historia mi», tek kontakt med deltakar på vertinnegruppe 4.

Det er behov for å endre litt på lista over vertinnegruppene.

Kyrkjekaffi den 22.09., haldast i kyrkja. Kafegruppa ordnar dette, tek kontakt med Evy om praktisk avvikling.

Haustplanen treng nokre oppdateringar:

Må få inn datoar for «syng med oss» på oversikten + tiltak om «varm mat» i barnehagen.

Planen vert sendt til alle medlemmer når den er ferdig revidert.

Sak 34/24. Årsmøte. Stad og innhald.

Dato; 29.10. Biblioteket er aktuell møtestad.

Kan hende blir det besøk frå distriktsstyret, dette blir truleg omsnakka på distriktssamlinga.

Styret ordnar det praktiske rundt møtet og sender info til leiar i valnemnda

Styret skal legge fram forslag på lokal kontingent. Det vart gjort vedtak om å vidareføre kontingenten som no er kr 0,-. Forslag som ordstyrar til årsmøtet; Mette N Valdøl.

Sak 35/24 Økonomi/olsok/ kulturmidlar

Kontoutskrifter vart delt ut.

Om mogleg bør inntekter frå olsok og supersommar bli tekne inn i rekneskapet før årsmøtet.

Sak 36/24 Matlaging med 4H, 28.09. Mette Marie og Petra?

Kan ev. bruke oppskriftsheftet som vart laga til supersommar eller hefte som er knytt til bygg og havre. Treng å få med nokre medhjelparar.

Finne ut kva utstyr som finst på ungdomshuset i Tafjord, samt kor mange som er påmelde til denne aktiviteten.

Sak 37/24.Eventuelt

Distriktssamling 7.-8.sept.

5 påmelde frå laget, dei skal ha med ein gevinst.

Køyregodtgjersle blir utbetalt i samband med reisa, i tillegg til kr 1.000 pr. deltakar, jf. tidlegare vedtak.

Det blir gitt 2 jubileumsbøker til basar i Fjørå.

Møtet slutt kl. 20.00

Magnhild
skrivar